

## VEDLEGG TIL ØKONOMIPLAN 2019-2022

FF og NSF sitt innspel ang situasjonen i sjukeheimstenesta.

Sjukeheimane våre i Lindås tek vare på dei aller sjukaste. Det er eit mangfald av bebuarar og på ingen måte berre menneske over 90 år. Spennet er frå 40-100 år.

I 2018 har det vore over belegg heilt fram til mai mnd. Stove blir teke i bruk for å dekkja behov.

Bebuarane er dei sjukaste vi har omsorg for i kommunen. Det gjeld sjuke som kjem raskare ut frå sjukehus og det gjeld det aukande tal demente som er yngre eldre.

Dette krev aukande pleie og omsorgsressursar. Pleiepersonale opplever samstundes at dei får auka oppgåver i form av kjøkkenarbeid og reinhald i avdelinga.

Enda ein faktor er følgjeteneste til bebuarane når dei skal til undersøkingar hos spesialist o.a.

Pårørande er ofte slitne etter lang tids omsorg og maktar ikkje å følgje sine gamle eller dei er i arbeid og får ikkje fri til desse oppgåvene. I Helse-,omsorg- og sosialplanen er nettopp «frivillig arbeid» ein faktor vi ønskjer å nytte meir. Difor er det verdt å leggje merke til at desse oppgåvene likevel ofte blir lagt til pleiepersonalets oppgåver.

Langtidsplass har 0,80 dekningsgrad – 28,4 time pr uke inkludert natt som utgjør 4,26 time

Rehabilitering seng /Kortidsseng 0,91- 32,3 time pr uke – 4,26 time natt

Skjerma plass for demente 1 årsverk-35,5 time pr uke – 4,26 time natt

**Dvs at en langtidsplass vil utgjøre 28,4 – 4,26 = 24,141 pr uke /7 =3,45 /2 (dag/kveld)=1,7 time pr bruker pr vakt.**

Denne bemanningsnormen har vore uendra i over 10 år.

Dette innebefatterer :

- Rapportleseing
- Rapport skriving
- Matlagning/servering/mating
- Opprydding
- Stell
- Toalettbesøk
- Aktivisering
- Bestilling av varer/medisiner/legetimer/tannlege
- Varemottak
- Pårørendemøter
- Legevisitt
- Medisintilagning
- Oppdatering faglig
- Medisinutdeling
- Sårstell
- Diverse sykepleieprosedyrer
- Medisin mottak
- Narkotikaoppgjør
- Oppdatering av tiltaksplaner
- Blodprøvetaking
- Følgjetjeneste til lege/sykehus undersøkelser /tannlege.
- Opplæring av nyttilsette
- Ivaretagelse av elever og studenter, taffelever, lærlinger, språk elever og flykninger.

- På bakgrunn av prøver og oppfølging under legevisitten må jeg opprettholde dagens bemanning når lege er tilstede ved avdelingen . for å utføre de prosedyrer prøver som legen setter oss til å innhente.
- Vasking av nattbord/senger/skap.
- Meldingsoppfølging(forvaltningskontor helg/kveld)
- Flere av disse pasientene trenger hjelp av to pleiere

I denne perioden har helsetilstanden til bebuarane på sjukeheimane endra seg i stor grad. Denne faktoren bør vurderast for å gje eit rett bilde av kva slags tenester og oppgåver som ligg i dette. For å klare alle pålagte oppgåver, er det stadig tatt inn ekstra bemanning i forhold til grunnbemanninga. Realiteten er likevel at avdelingane opplever underbemanning i høve til oppgåvene. Dermed er det også vanskelig å finne tid til viktig opplæring, fagleg oppdatering og pliktig dokumentasjon.

Ektefellereformen er også noko nytt som vi ikkje ser konsekvensane av enda. Dette bør vurderast når vi ser på tal sjukeheimssenger.

I dag har vi igjen oppretta venteliste på sjukheimane.

Vi ynskjer at kommunestyre har med seg desse innspela i langtidsperspektivet. Det er ikkje tid for å kutte ressursar til sjukeheimane, men snarare å auka dei, nettopp for å møte morgondagen. Vi treng å auka kompetansen til tilsette på til dømes omsorg for demente. Dette er ei krevjande gruppe som berre aukar i omfang. Kunnskap og personale er viktige ressursar for å ivareta desse. Arbeidstakarane har merka ein meir krevjande arbeidskvardag dei siste åra. Vi treng å ivareta desse for å behalda dei og deira kompetanse.

Mvh

Liv Berit Haukås, Fagforbundet  
Elisabeth Øye Halle, NSF